

Interessegruppa for Hedleberget (IFH)

Årsmelding frå styret 2017

Voss 30.01.2018

Styret:

Leiar: Ingmar Hårklau

Nestleiar: Nils Gjøstein

Kasserar:Åse Margrethe Kyte

Skrivar: Jan Olav Grevle

Styremedlemmer: Thor Hårklau og grunneigarrepresentant Svein Kyte.

Vararepresentantar: Steinar Hårklau og Odd Tverberg

Revisor: Knut Kvamme og Gerd Møen.

Valnemd: Magnar Lemme leiar, Kari Lemme, Sjur Tveite

Historienemd: Magnar Lemme, Selmar Traa og Odd Tverberg

I 2017 har det vore 6 styremøter, samt årsmøte. I tillegg har me hatt ein del arbeidsmøte. Det er 32 registrerte medlemmer.

Viktige hendingar:

Vinterkonsert 14.januar. Ein stor suksess. 30 cm ny snø og 6-7 kuldegrader var perfekt til "Mykje lys og lite varme".

I mai var det kafe i Songvehytta, i forbindelse med at Sogelaget og Utferdslaget la vårturen sin til kulturstien.

Veteran- / historie treff i Songvehytta 30. mai.

Junikonserten med Valkyrien og Fretwokers måtte avlysast pga sjukdom hos Valkyrien..

Konserten med Ola Bremnes og Fretwokers i august var ein flott oppleving.

I haust var "Kvitanesen" og dotter med kåseri og musikk i Songvehytta.

I september var Regnbogen barnehage på hedleberget.

I tillegg var det totalt 8 tilstellingar i Songvehytta i 2017. Firmafest, blå turar, sommar avslutningar, syskentreff. Ein fin blanding av offentlige og private lag og organisasjonar.

Samlingar og møter me har delteke på:

10-11. Februar var vi vertar for Liv og Lyst samling. Supanesoppa vart servert i Songveshytta der det vart fortalt historie om skiferdrifta, og om arbeider i IFH.

I mars hadde vi møte med Atle Vik frå Kulturakademiet i fylket. Det er tilsegn på 30.000 til opplæring og dokumentering av skiferfaget. Dette har vi takka nei til grunna medfyljande krav.

I mai hadde vi møte med Åge Bremer frå Invasjon Norge, der sluttrapport og utbetaling av tilsegn på 90.000,- var tema.

Me har hatt 4 møter med Bygdaklang om storhendinga i 2018: Skiferspelet 1-2/6.18

Søknadar:

Det er søkt forfattar foreininga om støtte til bokprosjektet. Har fått avslag, men er oppmoda om å søkja på nytt. Det er søkt om 300.000,- Det er Jørn Lekve som fremmer søknaden.

Vi har søkt om omdisponering av 26.000 som ikkje vart nytta til grindbygg. Vi fekk positivt svar frå HF og fekk bruka dette til kiosk bygg. Vi søkte også Voss Sparebank om støtte til kiosken, og fekk 25.000.

Det er søkt om Smil midlar frå Voss komme til skogrydding på hedleberget.. Har fått tilsegn på 16.000.

Det er også søkt sparebanken om støtte til Skiferspelet. Dette blir handsama i 2018.

Dugnad:

Kulturstien er oppgradert med 5 "møteplassar" med benkar og bord i stein. Pengestøtte av Gjensidige stiftelsen.

Magnar Lemme og Odd Tverberg arbeidar med utstillinga i "muset". Arbeidet er kommet godt i gang.

Det er også i år rydda skog mellom Sigurdbenken og Museet. Attgroing er ein stor utfordring. Grindbygg til kiosken kom på plass i Juli på dugnad. Her gjorde Jostein Nordheim, Thor Hårklau og Svein Kyte ein stor jobb. Steinbord og skifer golv er også kompt på plass. Her fikk vi støtte frå Hordaland Fylkeskommune og Sparebanken. Det som gjenstår her er skifertaket. Det er heller ikkje lagt skifertak på lydbua. Skifer til lydbua har vi fått av Ingeborg og Brita Kvarekval.

Det er no godt tilrettelagt for konsertar og tilstellingar på Kvammabenken. Det er solide grindbygg til scene, lydbu og kiosk, som står i mange mange ti-år. Vi har konstruert og laga egne benkar med sitjeplassar til 400 personar. Vi er også laga ein biltilhengjar som har plass til alle benkane. Summen av dette gjer det enkelt å arrangera store konsertar, med minimalt før- og etterarbeid.

Skiferen på halvtekkja ved produksjonsbrakke er tatt av og erstatta med stålplater. Skiferen er brukt på scenetaket og til kioskbygget. Dette var etter avtale med grunneigarane.

Totalt er det lagt ned ca 500 dugnadstimar dette året, i tillegg til alle møter og papirarbeid.

Det har atter ein gong vore eit aktivt år i 2017, og plan for 2018 er godt i gang. Målet er å auke aktiviteten med konsertar, omvising, opne dagar og mottak av grupper/blå-turar.

Det store for 2018 er framføringa av Skiferspelet 1. og 2. Juni. Bygdaklang, og nokre frå "gamle" Trivnad kom i gang med øving tidleg i haust. I tillegg er det augustkonsert under planlegging.

For styret:


Ingmar Hårklau


Nils Gjostein


Jan Olav Grevle


Åse M. Kyte


Thor Hårklau


Svein Kyte